



Lillejentene hadde all grunn til å jubla trass tapet. (Foto: Thor Inge Døssland)

Fotballsesongen er godt i gang. Måndag starta og seriesesongen for lillejentelaget med spelarar fødd 95-97. Denne sesongen skal dei måla krefter med lag frå eit større område. Motstandarane i seriepremieren kom såleis frå Stord.

Stord-laget viste alt frå start i kampen at dei var eit verkeleg godt lag. Pasningskvalitet og teknikk var veltrimma, og samspelet gleid fint mellom spelarane. Likevel gjekk uskedalsjentene respektlaust til verks. Innsatsen var på topp, dei tilreiv seg initiativet i kampen og produserte den eine sjansen etter den andre. Likevel var det Stord-laget som fekk uttelling først då dei gjekk opp til 1-0. Men jentene våre let seg ikkje stoppa. Dei stod på og fekk lønn for strevet! Pauseresultatet var såleis imponerende 4-3, og fleire av måla kom etter flott angrepsspel med innlegg frå sidene.

Utover i 2.omgang kjempa laget også godt, men det var tydeleg at den store innsatsen hadde tært på kreftene. Derfor var det ikkje ufortent at gjestene gjekk opp til 6-5 og sikra sigeren like før slutt. Alle spelarane gjorde ein kjempegod innsats, men vi kan ikkje unngå å trekkja fram den hyperfarlege spissen Ingebjørg Haugland. Ho stod for kunststykket og scora alle fem måla.

Det er tydeleg at laget har utvikla seg mykje sidan i haust. Speleforståinga er blitt betre, og kampen måndag er heilt klart den beste dette laget har prestert. Det var kjekt å registrera at dei var i stand til å spela jamnt med dette gode Stord-laget! Framgangen skuldast i stor grad stabilitet både i spelartroppen og på trenarsida. Alle jentene frå i fjor er framleis aktive på laget, og Gørill S. Eik og Svein Ove Bråtun har hatt ei heldig hand om trenaransvaret heilt sidan jentene starta med organisert fotball. Kjekt var det og å registrera at foreldregruppa også i år møter mannjamnt og engasjert opp på sidelina når det er kamp. Det er tydeleg at dei alle storkosar seg, og dei er også svært takksame for det gode arbeidet Svein Ove og Gørill gjer.

Desse jentene spela på laget mot Stord: Katrine Y. Røssland, Marte Dagestad, Susanne L. Eik, Victoria A. Eik, Kaja Døssland, Marit Inga T. Sture, Anne Marthe G. Zimmer, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland.

Av Thor Inge Døssland